



DEN NORSKE KYRKJA
Radøy sokn

**Møteprotokoll for
Radøy sokneråd**

Tid: 02.02.2016 kl. 18:00 - 20:00

Stad: KYRKJEKONTORET, MØTEROMMET

Frammøte:

Gunnar Olav Kartveit	Leiar
Grethe Lunde	Nestleiar
Sølvi Helen Kvalheim Mjøs	Medlem
Silje Kristin Ellingsen	Medlem
Tore Morland	Medlem
Kristen Kvalheim	Medlem
Per Bjørkhaug	Medlem
Kirsten Johanna Skage Mellingen	Medlem
Kjell Johan Sekkingstad	Biskopen sin representant
Audun Sylta	Sekretær

Saker som vart behandla på møtet:

Saksnr	Uoff	Tittel	Sakshandsamar
2016/1		(S) Kyrkjelyden sitt årsmøte	012.1
2016/2		(F) Sikring av Manger kyrkje.	463.0
2016/3		(S) Møteplan for soknerådet 2016	012.1
2016/4		(S) Plan for trusopplæring	331.0

Meldingar og referatsaker:

- Manger kyrkje - 125 års jubileum
- Manger kyrkje - arkeologisk forundersøkelse
- Fasteaksjon 2016

Tatt opp i møtet:

- Gåve til frivillige, boka «Kyrkjefolk». Spørsmålet vart utsett.
- Gåve. Brurestolar til Manger kyrkje . Tas opp som sak på neste møte.
- Radar. - Rådet oppmodar folk til å verta med i redaksjonsnemd/skrive innlegg.

KYRKJEKONTORET, 03.02.2016

Underskrifter:

Vi stadfestar med våre underskrifter at møteboka, som vi har signert, er ført i samsvar med det som vart avgjort på møtet.

2016/1 (S) Kyrkjelyden sitt årsmøte

UTREDNING

Alle sokn skal kvart år halda eit kyrkjelydsmøte der ein legg fram for medlemene årsrapport, rekneskap, arbeidsprogram og budsjett til orientering. Det årlege kyrkjelydsmøtet får såleis preg av å vera årsmøte for soknet, der rapporten frå soknerådet er grunnlag for debatt om planar og prioriteringar.

Kyrkjelydsmøtet er ikkje overordna soknerådet med mindre lova krev det, men møtet er likevel eit godt høve for å fremja deltaking og engasjement i lokalkyrkja.

Radøy sokn har vanlegvis halde møte i løpet av mars. Møta har vore i samband med ei gudsteneste, men det har også vore eigne møter på andre tidspunkt.

Det er ei utfordring å få kyrkjelyden til å møta på årsmøtet. Årsmelding og rekneskap er ikkje nok for å skapa stor interesse for møtet. I 2014 drøfta soknerådet kor vidt ein skulle velja ei anna ramme rundt årsmøtet. Tanken var at det kunne skapa større engasjement å ha det saman med ei anna hending for å få fleire til å delta.

I 2015 valgte vi derfor å starte med konsert i Manger kyrkje. Årsmøte og kyrkjekaffi etterpå. Møtet vart lagt til søndag kl.18. Det var ein flott konsert og ei god ramme rundt tiltaket, men det førte diverre ikkje til auka frammøte.

Soknerådet må ta stilling til når møtet skal haldast og om det skal vera eit eige møte eller i samband med ei gudsteneste.

MØTEBEHANDLING

Soknerådet drøfta fleire løysingar som kan auka engasjement og frammøte på årsmøtet. Tradisjonelt har årsmelding og rekneskap vorte gjennomgått, men det åleine er ikkje nok til å skape interesse. Vi bør kanskje leggja meir vekt på at årsmøtet skal verta ein møtestad for planar og ynskjer for året som kjem heller enn einsidig fokus på året som gjekk.

Servering av middag/suppe i samband med møtet kan også gje ei bedre ramme rundt samlinga og auka frammøte. Vi kan også ta kollekt i forbindelse med måltidet for at ikkje utgiftene skal verta for store.

Møtet bør haldast før utgangen av mars. Søndag 13.mars peikar seg ut som ein dag som høver godt. Det er gudsteneste i Manger og møtet vert halde rett etter gudstenesta.

VEDTAK

Årsmøtet vert halde i Manger kyrkje søndag 13.mars etter gudstenesta.

Det vert middag/suppe i kyrkjestova i samband med møtet. Kollekt til dekning av måltidet.

2016/2 (F) Sikring av Manger kyrkje.

UTREDNING

Det er viktig å ha enkle og praktikable reglar for bruk av kyrkja i tida fram til den planlagte forsterkinga er gjennomført. Multiconsult tilrådde avgrensa bruk av kyrkja til gudstenester og gravferder dersom det ikkje vert meldt vind over 15 m/s ut frå værmeldingar 1 døgn på førehand.

Soknerådet gjorde 23.09.2015, sak 2015/16, slikt vedtak :

Manger kyrkje vert stengt for bruk inntil forsterking av kyrkja er ferdigstilt.

Gravferd, planlagte gudstenester og planlagt konfirmasjonsundervisning kan likevel haldast i kyrkja dersom det ikkje er meldt vindstyrke over 15 m/s 1 døgn før arrangementet. Høgaste meldte vindstyrke meldt av storm.no eller yr.no vert lagt til grunn.

Når det gjeld skulegudstenestene og gudsteneste på julaftan vert vermelding 48 timer før arrangementet lagt til grunn.

Gravplassen vert skilta med informasjon om fare ved sterkt vind. Området rundt kyrkja vert stengt av når det er meldt vind over 15 m/s.

Stenging vert sett i verk frå veke 41, mandag 5.oktober.

Soknerådsleiar og dagleg leiar har felles ansvar for oppfølging når det gjeld gravferder og planlagte gudstenester.

Sokneprest og trusopplæringsmedarbeidar har felles ansvar for kor vidt kyrkja skal nyttast til konfirmasjonsarbeid.

Så langt har stenging av kyrkja fungert etter planen. Det har ikkje vore naudsint å flytta gravferder eller konfirmasjonsundervisning til no. Vi har flytta to gudstenester.

Regelen om flytting av gudstenester med eit døgns varsel syner seg å ikkje vera særleg praktikabel. For å kunne gjennomføre flytting har det vore naudsint å ta avgjera på fredag, to dagar før gudstenesta. Ordlyden bør endrast på dette punktet.

Det har kome spørsmål om kor vidt avtalte vielsar til sommaren kan gjennomførast. Ut frå vedtaket er det ikkje gjort unntak for vielsar. Det kan vurderast å endre ordlyden til å gjelde kyrkjeloge handlingar for at planlagte vielsar i sommarhalvåret kan gjennomførast i Manger kyrkje. Sommarhalvåret vil normalt ikkje ha så mykje vind at det er problematisk, men med bakgrunn i dei rapportane som ligg føre bør ein vera restriktiv med å opne for nye aktivitetar.

Som del av trusopplæringa er det planlagt dåpsskule fire tirsdagar i februar og mars og det er ønskeleg å nytte kyrkjestova til desse samlingane. Vi har avtale med bedehuset om å kunne nytta det ved behov, men kyrkjestova er no innreia slik at det er upraktisk å flytta til eit anna lokale. Vi må ha forståing for at dette er mest tenleg, men det vil ikkje vera i samsvar med dei tilrådingane vi har fått for bruk av kyrkja.

Radøy sokneråd

INNSTILLING

Manger kyrkje vert stengt for bruk inntil forsterking/stabilisering av bygget er ferdigstilt.

Kyrkjelege handlingar og planlagt konfirmasjonsundervisning kan likevel haldast i kyrkja dersom det ikkje er meldt vindstyrke over 15 m/s 1 døgn før arrangementet. Høgaste meldte vindstyrke meldt av storm.no eller yr.no vert lagt til grunn.

For planlagte gudstenester vert vermelding 2 døgn før lagt til grunn.

Gravplassen er skilta med informasjon om fare ved sterkt vind. Området rundt kyrkja vert stengt av når det er meldt vind over 15 m/s.

Soknerådsleiar og dagleg leiar har felles ansvar for oppfølging når det gjeld kyrkjelege handlingar.

Sokneprest og trusopplæringsmedarbeidar har felles ansvar for kor vidt kyrkja skal nyttast til konfirmasjonsarbeid.

MØTEBEHANDLING

Soknerådet slutta seg til innstillinga, men hadde to merknader.

Når gudstenesta skal flyttast må det vera tilsette på kontoret for å få gjennomført dei naudsynte tiltak rundt flyttinga. Sidan det er ein del bevegelige helligdagar bør "2 døgn" i tredje avsnitt erstattast med "siste virkedag". Dette vil vanlegvis verta fredag før gudstenesta.

Soknerådet meinte at også presten som har teneste skulle ha ansvar for eventuell flytting av gudstenesta, og at dette vert tatt inn i 5. og nest siste avsnitt i vedtaket.

VEDTAK

Manger kyrkje vert stengt for bruk inntil forsterking/stabilisering av bygget er ferdigstilt.

Kyrkjelege handlingar og planlagt konfirmasjonsundervisning kan likevel haldast i kyrkja dersom det ikkje er meldt vindstyrke over 15 m/s 1 døgn før arrangementet. Høgaste meldte vindstyrke meldt av storm.no eller yr.no vert lagt til grunn.

For planlagte gudstenester vert vermelding siste virkedag før gudstenesta lagt til grunn.

Gravplassen er skilta med informasjon om fare ved sterkt vind. Området rundt kyrkja vert stengt av når det er meldt vind over 15 m/s.

Soknerådsleiar, aktuell prest og dagleg leiar har felles ansvar for oppfølging når det gjeld kyrkjelege handlingar.

Sokneprest og trusopplæringsmedarbeidar har felles ansvar for kor vidt kyrkja skal nyttast til konfirmasjonsarbeid.

2016/3 (S) Møteplan for soknerådet 2016

UTREDNING

Radøy er ein eit-sokns kommune og rådet må derfor handsama saker både etter § 9 (soknerådet) og § 14 (fellesråd). Då kommunen sine representantar berre treng delta på fellesrådssakene, har ein til no starta møtene med desse.

I førre periode har soknerådet hatt møte på onsdagar mellom kl. 18.00 og kl. 20.00. Soknerådet har no avgjort at møtene skal haldast på tirsdagar men på same tid som før.

Det er møteplikt til soknerådet sine møter:

"Den som er valgt som medlem av et lovbestemt kirkelig organ, plikter å delta i organets møter, med mindre det foreligger gyldig forfall. Arbeidstaker har krav på fri fra arbeid i det omfang dette er nødvendig på grunn av møteplikt i lovbestemt kirkelig organ eller utvalg oppnevnt av slikt organ". jf. Kyrkjelova § 30.

Soknerådet er vedtaksføre når minst halvparten av medlemene er til stades på møtet. Leiaren eller minst 1/3 av medlemene kan krevja møte, jf. Reglar for soknerådet sitt virke § 4.1.

Møteplan for 1.halvår vart vedtatt på soknerådet sitt møte 02.12.2015.
Soknerådet kom då med ønske om at det vart lagt fram forslag til møteplan for 2.halvår på første møte i 2016.

INNSTILLING

Framlegg til møteplan for 2.halvår 2016 :

- 23.august Medarbeidersamling
- 13.september
- 25.oktober Budsjett 2017
- 13.desember Val - juleavslutning

VEDTAK

Møteplan for 2.halvår 2016 :

- tirsdag 23.august Medarbeidersamling
- tirsdag 13.september
- tirsdag 25.oktober Budsjett 2017
- tirsdag 13.desember Val - juleavslutning

2016/4 (S) Plan for trusopplæring

UTREDNING

Soknerådet godkjente trusopplæringsplanen for Radøy sokn i møte 6.mai 2015, og den er gjeldande fram til ny handsaming i soknerådet. (Den skal reviderast i soknerådet i løpet av perioden.) Det er viktig at soknerådet er godt kjent med denne planen og dei vil derfor få ein orientering om denne i møtet av trusopplæringsmedarbeidar Wilco Vogelaar.

Rådet bør ta stilling til korleis planen skal gjennomførast, særleg med tanke på å rekruttere frivillige medarbeidrarar til gjennomføring av tiltaka. Rådsmedlemmane vert utfordra til å velje konkrete trusopplæringsstiltak dei kan vere med på, slik at dei kan bli kjende med trusopplæringsplanen og arbeidet.

MØTEBEHANDLING

Wilco gjekk gjenom planen og gjekk spesielt inn på punkta om frivillig arbeid. Han ønsker å sette fokus på arbeidet med å få med yngre familier slik at dei får eit større engasjement i gudstenestelivet.

For å oppnå dette ønsker vi å starte med familiegudstenester samtidig som vi arrangerer samlingar på ettermiddag/kveld på vekedagar. Vi ønsker å dele eit måltid med familiene samtidig som vi har aktivitetar for borna.

Wilco har laga ei liste over trusopplæringsstiltak som vert sendt til medlemene i soknerådet. Dei vert invitert til å melde seg på eit av tiltaka. På den måten kan soknerådsmedlemane bli kjende med planen i praksis.

Soknerådet har valgt trusopplæringsnemd der Sølvi Kvalheim, Silje Kristin Ellingsen og Tore Morland er med. Gruppa skal ha møte 23.februar for å verte bedre kjent med planen. Dei ynskjer også sette fokus på frivillig engasjement og familiegudstenester.